# Regionalt nettverk for nyutdanna pedagogar 09.04.2025

**Stad:** HVL, Sogndal campus. **Rom: Frigg 1 + 2 i Bragebygget.** Sjå kart her: Bragebygget Frigg 1, Bragebygget, Campus Sogndal - MazeMap eller kart-over-campus-sogndal.jpg (7680×4320) (hvl.no)
**Tidspunkt:** Onsdag 9.april 2025 kl 12.30-15.30
**Lunsj:** Det blir servert enkel lunsj i klasserommet kl 12.30, så startar me opplegget rett etter
**Deltakaravgift:** Nei, samlinga vert dekka av regionale midlar
**Målgruppe:** Nyutdanna pedagogar frå barnehage, grunnskule, vidaregåande skular og vaksenopplæring i Sogn som vart ferdig utdanna sommaren 2023 eller 2024.

**Me er klare for ei ny runde med nettverksamling, og gler oss til å høyre korleis de opplever arbeidskvardagen som nyutdanna pedagogar i Sogn etter førre samling i september. Evalueringar frå tidlegare samlingar har synt at de ynskjer meir av grupperettleiing, deling av erfaringar og drøfting i fellesskap. Det har me difor lagt til rette for. Me kjem til å ha felles oppstart før me deler oss i rettleiingsgrupper: barnehagelærarar og lærarar kvar for seg.**

**Program:**

12.30- 12.50: Me et lunsj saman og minglar litt.

12.50- 13.10: Velkommen og kort informasjon v/ Ingrid
- Korleis er livet som nyutdanna i dag? Kva opplevast positivt? Utfordringar? Me deler erfaringar i gruppe/par
- Temadag for nyutdanna pedagogar, sisteårsstudentar og rettleiarar 22.mai

13.10- 15.10: Rettleiing i grupper etter Handal og Lauvås sin rettleiingsmodell eller reflekterande team (sjå to vedlegg)
- Gruppene legg inn ein pause i rettleiingsøkta når det høver best

15.10- 15.30: Me samlast i plenum for deling, evaluering og plan for vidare arbeid.

**Førebu deg til samlinga ved å lese vedlegga «Problemretta veiledning i gruppe» og «Reflekterande team» som me kan bruke som mal for rettleiingsøkta.**

Målet er å bli kjend med andre nyutdanna pedagogar i Sogn, at me skaper eit fagleg og sosialt nettverk og får inspirasjon og fagleg påfyll i arbeidet som nyutdanna. Me ynskjer nemleg å behalde deg i dette flotte yrket! 😊 Me håpar dette er noko du ynskjer å delta på – du er hjarteleg velkommen!

Ansvarleg for samlinga:
Ingrid Steine Bortne, programleiar ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no mob: 48 25 03 06.

Påmeldingsfrist: Fredag 4.april kl 15.00. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet under påmeldinga.

Har du framlegg til tema eller noko du vil dele på samlinga er du hjarteleg velkommen til å ta kontakt!

Beste helsing frå

*Ingrid Steine Bortne*

Programleiar barnehage- og skuleutvikling i Sogn